

Grei jobb å vera synfarar



Synfarar Hilde Hus i arbeid på Neset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No skal heile Kvinnherad få eigedomsskatt og kor stort dette ekstra skattetrykket skal bli vil kommunestyret ta stilling til i samband med budsjetthandsaminga for 2010. Uskedalingen Hilde Hus er ein av 10 som fram til nyttår har til oppgåve å gjennomføra ei utvendig synfaring og vurdering av eigedomane. Ho synest det er ein grei jobb.

- Men kanskje litt stressande?

- Slett ikkje, kanskje med unntak av det som skjer når det regnar og papira blir blaute. Det er berre hyggjelege folk å treffa. Naturleg nok har nokre av dei spørsmål å stilla, men ingen har så langt vore kritiske eller ufine. Folk veit jo at det ikkje er synfararane som har ansvaret for innføring av eigedomsskatten.

Eigarane treng heller ikkje å vera tilstades under synfaringa. Ynskjer dei det, må dei melde frå på førehand slik at vi får plotta dei inn i arbeidsopplegget vårt..

Der det er manglar eller feil opplysningar, gjer vi oppmåling i samband med synfaringa.

Efter at taksten er gjennomført vil alle eigarar få tilsendt takstgrunnlaget for kontroll.

Hilde er eigentleg tilsett i den kommunale barnehagen, men ville svært gjerne sysla med noko anna ein periode og då var det å bli synfarar nokre månadar eit fristande alternativ. Som utdanna teknisk teiknar og etter sommarjobb med oppmåling i kommunen hadde ho eit teoretisk grunnlag.

Ho har det meste av Uskedalen som sitt ansvarsområde. Unntak er fjellområda og "verk og bruk". Hilde starta jobben tidleg i haust på Ljosnes og har arbeidd seg systematisk utover. Ho har også gjort unna Skorpo før ho no om dagen er å sjå i arbeid i dei sentrale delar av bygda.

Det er ingen liten jobb, for Uskedalen har i overkant av 400 husstandar og det som skal takserast er ikkje berre bustader, men også tomter som ikkje er bebygde, hytter, fritidshus, våningshus på gardsbruk, garasjar og uthus.

Det er vedteke ei soneinndeling som betyr at Uskedalen ligg i sone 09, noko som inneber 10 prosent lågare skatt her enn i Rosendal og på Husnes. Skorpo ligg i sone 06, det betyr med andre ord ein reduksjon på 40 prosent samanlikna med dei to tettstadane.

Av Ola Matti Mathisen



Ingen skal vera i tvil om kva for ei oppgåve ho har....(Foto: Ola Matti Mathisen)